

## Eid

### 0. Disposisjon

1. Kommune og bygder ➤
2. Lytt på dialekten ➤
3. Nokre særdrag ➤
4. Ein liten grammatikk ➤
  - 4.1. Lydverket ➤
    - a. Lydane ➤
    - b. Lydmønster ➤
  - 4.2. Bøyingsverket ➤
    - a. Substantiv ➤
    - b. Verb ➤
    - c. Adjektiv ➤
    - d. Pronomen ➤
  - 4.3. Setningslære ➤
    - a. Dativ ➤
5. Ord og uttrykk ➤
  - 5.1. Ordsamling ➤
  - 5.2. Uttrykk ➤
6. Forskjellar ➤
  - 6.1. Yngre og eldre dialekt ➤
7. Dialektprøver ➤
8. Kjelder ➤

### 1. Kommune og bygder

- Omfattar områda kring Eidsfjorden, ein 13 km lang arm av Nordfjord, samt nordsida av Nordfjord vestover til Lefdal og områda nord for Hundvikfjorden, Utfjorden og Eidsdalen (Eidsbygda) og områda kring vestre del av Hornindalsvatnet i aust. Eid grensar i nord til Møre og Romsdal fylke. Kommunen fekk sine noverande grenser i 1992. Delar av Davik (i vest) og Hornindal (i aust) blei lagde til Eid i 1965, og i 1992 blei Lote og Hemnebygda innlemma i Eid kommune.
- Areal: 468 km<sup>2</sup>
- Innbyggjartal per 1.1.2006: 5 801
- Administrasjonssenter: Nordfjordeid. Her finn ein mellom anna fylkessjukehus, sorenskrivarkontor, vidaregåande skule og folkehøgskule.
- Næringsvegar: Jordbruk (husdyrhald, frukt- og bær dyrking) og industri (næringsmiddel-, trevare-, møbel-, verkstad- og konfeksjonsindustri).
- Eid svarar til sokna Eid og Stårheim.

- Namnet Eid kjem truleg av fjordnamnet Eidsfjorden, som inneheld eit norrønt fjordnamn Øygir, ei avleiing av Aug 'elva som går i mange slyng'.

## 2. Lytt på dialekten

➤L Klikk her og høyr på opptak frå Eid.

Tekst 1:

- Det er det same som me alle desse her antikvitetane folk har. Viss alt blei teke vare på, så var det ikkje noko spennande og interessant. Og viss alle hadde det...
- Ja, det er sant.
- ...så blir ikkje det noko sjeldan og, som ein måtte kikke på på museum. Og, og då ville det vel knapt nok komme nye ting til. Som mor mi sa ein gong då. Og ho angra selvfølgelig ho òg, men etter krigen og etter besteforeldra mine på morssida var borte då, så heiv ho dessverre ein, når ho var der og rydda, ein par, tre rokkar. For ho håpte ho aldri meir måtte sitje å bruke dei. Det, det var den, det ho forbandt med dei nemleg. Ho fortalte blant anna at alle kveldar så måtte dei bruke rokken. Dei måtte kare og spinne ull. Så ho såg fram til søndagane for det var ikkje arbeidsdag. Då fekk dei lov å brodere. Det var ikkje arbeid. Men spøting og karing av ull og spinning og alt sånn det var arbeid, og det måtte dei sitje med kvar einaste kveld.

Informant: Mann, over 50 år, frå Nordfjordeid

Tekst 2:

- Kva var det som gjorde at du liksom kom så fort inn i miljøet då?
- Det var fadderveka til Universitetet. Og det, fyrste veka, eller før studiet begynner då, så, før studiet begynner så er det ei veke der det er nesten berre sosiale arrangement. Fyll og fest i ei veke. Rett og slett. Men, eller det vil seie, det var vel eigentleg i lag med studiet. Så det var ganske hardt å komme seg på dei fyrste førelesningane. Det var det. Så det var fyrste veka av studieåret. Så då hadde vi to fadrar som tok seg av klassa vår. Vi var vel ein 25 stykke, eller noko, som farta rundt i byn og fann ut kor Hulen var hen, og Kvarteret og blei stort sett kjende i byn. Møtte ved Den blå steinen og gjekk derifrå. Og ettersom det ikkje var nokon bergensarar der, berre folk, einstøingar frå heile Noreg, som kom og samla, så var alle innstilte på å bli kjende med folk. Og det gjorde det jo vesentleg enklare å bli kjent med folk då.

Informant: Kvinne, om lag 20 år, frå Eid

### 3. Nokre særdrag

Informasjon om lydskriftsystemet. ➤**T** [eigen art.]

Dialekten her har dei vanlege nordvestlandske ➤**T**[eigen art.] og nordfjordske ➤**T**[eigen art.] draga, dvs. at

- infinitivar ➤**O** endar på *-e* ➤**T**[eigen art.]**K**: *å kaste, å leve*
- svake hokjønnsord ➤**O** endar på *-e* i ubestemt form eintal ➤**T**[eigen art.]**K**: *ei vise, ei jente*
- det er ikkje forskjell i bøyinga på svake ➤**O** og sterke hokjønnsord ➤**O** i bestemt form eintal (og heller ikkje i fleirtalsformene) ➤**T**[eigen art.]**K**:
 

<i>vise</i>	<i>visa</i>	<i>vise</i>	<i>visenje</i>
<i>bygd</i>	<i>bygda</i>	<i>bygde</i>	<i>bygdene</i>
- i den eldre dialekten er det vanleg med palatale lydar (dvs. lydar med *j*-klang) ➤**TK**: *manŋ, kalŋe* 'mann, kalle'
- det personlege pronomenet i 3. person hokjønn er ➤**T** *honn*
- i den eldre dialekten blei det brukt dativ ➤**OK**: Det heiter for eksempel: *hanŋ står bortpå låva* 'han står bortpå låven', men: *gå ut på låvenŋ* 'gå ut på låven'.
- dei personlege pronomena i første person er *eg* i eintal og *vi* i fleirtal ➤**T**[eigen art.]**K**
- dialekten har etterleddstrykk, dvs. ein uttale der hovudtrykket ligg på det andre (eller siste) leddet i samansette ord. Dette er vanleg særleg i uttalen av stadnamn: *joste'dalŋ, bøver'dalŋ*. Slik uttale kan òg høyrast i andre samansetjingar: *norfjor'måle, kvinŋfólŋå*.
- *d*-ar som kjem etter ein vokal, blir uttalte: *tid, råd*. Dette gjeld også der nynorsk skriftmål ikkje har dei lenger: *lid, tred, saud*. Dessutan blir *d* uttalt i ord med kombinasjonane *ld* og *nd*: *kalde, land*.

- grunnforma av adjektiv, notid av sterke verb ➤**O** og verba i *telje*-klassen endar på ein trykklett *e* (innskotsvokal): *ei store manni, eg keme no, honn tele saude.*

## 4. Ein liten grammatikk

### 4.1. Lydverket

#### a. Lydane

Vokalane i dialekten er dei vanlege *a, e, i, o, u, y, æ, ø, å, ei, øy, au*. Dessutan har ein “tilleggsvokalane”:

*e*, som er ein open *e*-lyd, ein *æ*-farga *e*.

*ó*, som er ein *å*-lyd med *ø*-klang

Konsonantane er dei vanlege vi kjenner frå skriftmålet: *b, d, f, g, h, j, k, l, m, n, p, r, s, t, v*. Dessutan har dialekten desse ”tilleggskonsonantane”:

*k̥* og *g̊*, som er *k* og *d* med ein *j*-lyd. Lydane blir uttalte med å presse fremre del av tunga mot ganen litt lenger fram enn der ein uttaler *k* og *g*, og så opne for lufta med ein liten “eksplosjon”. I fagspråket kallar vi desse lydane for affrikatar. Desse to lydane svarar ofte til skrivemåten *kj* og *gj* i nynorsk: *tenkje, bydde* 'tenkje, byggje'. Men desse to lydane vekslar også ofte med *k* og *g* i bøyinga av ord, og det blir kommentert under substantiv ➤**L**.

*l̥* og *n̥*, som er *l* og *n* uttalte med ein *j*-klang.

*l̥*, som er ein pustande, klanglaus *l̥*. På fagspråket kallar vi desse lydane palatalar.

Som dei fleste andre dialektane i Noreg har også dialekten i Eid tonemforskjell ➤**O**, dvs. at det finst ordpar der tonegangen ➤**O** er den einaste tydingsskiljande faktoren:

*ˈfaren* (bestemt form eintal av 'far')

*ˈfaren* (bestemt form eintal av 'fare')

#### b. Lydmønster

Mykje av vestlandsk har lyden *ŋ* (i skrift *ng*) berre framom *k* og *g*. I mange vestlandsdialektar uttaler ein *g* etter *ŋ* der andre dialektar ikkje gjer det. Dette gjeld også for Eid. Der heiter det såleis *seŋg*, mens det utafor Vestlandet heiter *seŋŋ* 'seng'.

## 4.2. Bøyingsverket

### a. Substantiv

#### Hankjønn

Det dominerande bøyingsmønstrer for hankjønnsorda blir vist nedafor. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma ➤**O** (*låve*), mens andre ikkje gjer det (*hest*). Vi har difor plassert *e*-en i ein parentes:

1.    *-(e)*                    *-eŋ*                    *-a*                    *-aŋe*

Det vil seie at *hest* og *låve* blir bøyge slik:

<i>hest</i>	<i>hesten</i>	<i>hesta</i>	<i>hestane</i>
<i>låve</i>	<i>låven</i>	<i>låva</i>	<i>låvane</i>

Ei gruppe hankjønnsord har *e/ę* i fleirtalsendingane:

2.    *-*                    *-eŋ*                    *-e*                    *-eŋe*

Slik går m.a. *saud*, *sekk*, *benk*, altså på denne måten:

<i>saud</i>	<i>sauden</i>	<i>saude</i>	<i>saudenę</i>
<i>sekk</i>	<i>sekkęn</i>	<i>sekkę</i>	<i>sekkęnę</i>
<i>benk</i>	<i>benkęn</i>	<i>benkę</i>	<i>benkęnę</i>

Avvikande bøyning frå dette i hankjønn finn ein i:

<i>fot</i>	<i>fotenę</i>	<i>føte</i>	<i>føtenę</i>
------------	---------------	-------------	---------------

Ein del ord med stavinga *-ar* og *-el* følgjer første bøyingsmønstrer, men dei får samandraging ➤**O** i fleirtal:

<i>hammar</i>	<i>hammarenę</i>	<i>hamra</i>	<i>hamranę</i>	
<i>lykel</i>	<i>lykelenę</i>	<i>lykla</i>	<i>lyklanę</i>	'nøkkel'

## Hokjønn

Dei fleste sterke hokjønnsorda ➤**O** har dette bøyingsmønstrer:

3.    *-*                    *-a*                    *-e*                    *-eŋe*

Dermed får ordet *fjøl* slik bøyning:

<i>fjøl</i>	<i>fjøla</i>	<i>fjøle</i>	<i>fjølenę</i>
-------------	--------------	--------------	----------------

Dei fleste svake hokjønnsorda ➤**O** har slik bøyning:

4.    *-e*                    *-a*                    *-e*                    *-eŋe*

*vise*                      *visa*                      *vise*                      *visenje*

Svært mange hokjønnsord følger eit anna mønster, som har vokalen *a* i fleirtal:

5.    –                      –*a*                      –*a*                      –*a**ne*

Slik bøyning har f.eks. *reim* og *ķereng*:

*reim*                      *reima*                      *reima*                      *reima**ne*  
*ķereng*                      *ķerenga*                      *ķerenga*                      *ķerenga**ne*    'kjerring'

Desse orda har avvikande bøyning frå dei to hovudmønstra i hokjønn:

*bok*                      *boķa*                      *bøke*                      *bøke**ne*  
*mor*                      *mora*                      *møre*                      *møre**ne*

### Inkjekjønn

Inkjekjønnsorda har dette bøyingsmønstret:

6.    –(*e*)                      –*e*                      –(*e*)                      –*å*

Orda får dermed denne bøyinga:

*hus*                      *huse*                      *hus*                      *huså*  
*berg*                      *berje*                      *berg*                      *bergå*  
*eple*                      *eple*                      *eple*                      *eplå*  
*aue*                      *aue*                      *aue*                      *auå*

### Palatalisering

Palatalisering kallar vi det at ord som *skog* heiter *skoķene*, *legg* heiter *leķķene*, *drēng* heiter *drēnķene* og *fisk* heiter *fisķene* i bestemt form eintal. Ein *k* eller ein *g* framom endingane som blir nemnde nedafør, blir altså skifta ut med ein annan konsonant slik at *k* alltid blir skifta ut med *ķ* (jf. *fisk*), mens *g* blir bytt ut med *ķ* etter kort vokal (jf. *legg*) og etter *n* (jf. *drēng*) og med *j* etter lang vokal (jf. *skog*). I substantiva skjer denne palataliseringa framom endinga i desse tilfella:

- i eintal av hankjønnsord,
- i fleirtal av hankjønnsord med –*e* og –*ene* som endingar,
- i eintal av hokjønnsord som ikkje endar på –*e* i oppslagforma ➤**O**,

- i fleirtal av hokjønnsord med *-e* og *-eŋe* som endingar, og som ikkje får vokalskifte i stammen ➤**O** mellom eintal og fleirtal (*sak – saŋa – saŋe – saŋeŋe*, men *brok – broŋa – brøke – brøkeŋe*), og
- i heile inkjekjøn.

Dialekten har fram til vår tid hatt kasusbøying ➤**O** i substantiva. Dei formene vi har vist ovafor, er nemneformer ➤**O** (N), som er dei vanlegaste formene, og som alltid blir brukte når ordet står f.eks. i eit subjekt. I tillegg har ein i den eldre dialekten dativformer ➤**O** (D), som f.eks. blir brukte etter visse preposisjonar: *gutēŋ*, men *frå guta*. Forma *guta* er her eintal bestemt form dativ. I fleirtal heiter det *frå gutå*. (Under dativ ➤**L** står ei utgreiing om bruksmåten av nemneform og dativ.) Når vi føyer dativformene til i bøyingsmønstra ovafor, vil dei fullstendige mønstra sjå slik ut:

### Hankjønn

1.	N	-(e)	-eŋ	-a	-aŋe
	D		-a		-å

Slik bøyning har for eksempel *hest*:

N	<i>hest</i>	<i>hestēŋ</i>	<i>hesta</i>	<i>hestaŋe</i>
D		<i>hesta</i>		<i>hestå</i>

2.	N	-	-eŋ	-e	-eŋe
	D		-a		-å

Slik går m.a. *sekk*:

N	<i>sekk</i>	<i>sekkēŋ</i>	<i>sekkē</i>	<i>sekkēŋe</i>
D		<i>sekkā</i>		<i>sekkå</i>

### Hokjønn

3.	N	-	-a	-e	-eŋe
	D		-eŋe		-å

Dermed får *fjøl* denne bøyinga:

N	<i>fjøl</i>	<i>fjōla</i>	<i>fjōle</i>	<i>fjōlēŋe</i>
D		<i>fjōlēŋe</i>		<i>fjōlå</i>

4.	N	-e	-a	-e	-eŋe
	D		-eŋe		-å

Slik går *vise*:

N	<i>vise</i>	<i>visa</i>	<i>vise</i>	<i>visenje</i>
D		<i>visenje</i>		<i>viså</i>

5.	N	–	– <i>a</i>	– <i>a</i>	– <i>anje</i>
	D		– <i>enje</i>		– <i>å</i>

Det vil seie at *reim* blir bøygd slik:

N	<i>reim</i>	<i>reima</i>	<i>reima</i>	<i>reimanje</i>
D		<i>reimenje</i>		<i>reimå</i>

### Inkjekjønn

6.	N	–(e)	– <i>e</i>	–(e)	– <i>å</i>
	D		– <i>a</i>		– <i>å</i>

Dermed får *hus* denne bøyginga:

N	<i>hus</i>	<i>huse</i>	<i>hus</i>	<i>huså</i>
D		<i>husa</i>		<i>huså</i>

## b. Verb

### Svake verb

Dei svake verba ➤**O** kan vi setje opp i seks klassar med desse bøyingsendingane:

1. *kaste*-klassen:

– <i>e</i>	– <i>a</i>	– <i>a</i>	– <i>a</i>
------------	------------	------------	------------

Slik bøyer ein kanskje dei fleste verba, f.eks.

<i>fiske</i>	<i>fiska</i>	<i>fiska</i>	<i>fiska</i>
--------------	--------------	--------------	--------------

2. *døme*-klassen:

– <i>e</i>	– <i>e</i>	– <i>de/–te</i>	– <i>t</i>
------------	------------	-----------------	------------

Etter dette mønstret bøyer ein altså slik:

<i>leve</i>	<i>leve</i>	<i>levde</i>	<i>left</i>
<i>ķenje</i>	<i>ķenje</i>	<i>ķende</i>	<i>ķent</i>
<i>tape</i>	<i>tape</i>	<i>tapte</i>	<i>tapt</i>



Verba som har konsonantane *g, m, n* eller *v* føre endinga, som altså i *leve, kjenne* osv., får endinga *-de* i preteritum ➤**O**. Dersom verbet har ein av konsonantane *k, n, p, s* eller *t* føre endinga, blir preteritum laga med å leggje til *-te*: *å tape – tapte*. Verb med konsonanten *l* eller *r* føre endinga får *-de* eller *-te* i preteritum: *å tåle – tålde, å måle – målte, å tøre – tórde, å spare – sparte*.

### 3. greie-klassen:

*-e*                      *-e*                      *-dde*                      *-tt*

Altså:

<i>greie</i>	<i>greie</i>	<i>grēdde</i>	<i>grētt</i>
<i>føde</i>	<i>føde</i>	<i>fødde</i>	<i>føtt</i>

Når desse verba får tillagt endingane *-dde* og *-tt*, blir altså vokalen framom kort. Typisk for verba i denne klassen er at dei har *d* eller vokal framom infinitivs-*e*-en : *greie, bløde*.

### 4. meine-klassen:

*-e*                      *-a*                      *-de/-te*                      *-t*

Desse verba liknar på *kaste*-klassen i notid og *døme*-klassen i fortid:

<i>lòve</i>	<i>lòva</i>	<i>lòvde</i>	<i>lòft</i>
<i>like</i>	<i>lika</i>	<i>likte</i>	<i>likt</i>

Her som i *døme*-klassen finst to endingar i preteritum ➤**O** alt etter kva konsonant som står framom endinga: *lòvde* med *-de* og *likte* med *-te*. Verba som følgjer denne klassen, er helst slike som har éin konsonant etter vokalen: *bake, spele, måle* osv.

### 5. telje-klassen:

*-e*                      *-e*                      *\*-de*                      *\*-t*

Her set vi stjerne framom endingane i fortid, for det som først og fremst skil klassen frå *døme*-klassen, er at stammevokalen ➤**O** i verbet kan skifte:

<i>tēlje</i>	<i>tēle</i>	<i>talde</i>	<i>talt</i>
--------------	-------------	--------------	-------------

Notidsforma her skil seg òg frå notidsformene i *døme*-klassen ved at dei har ein annan tonegang ➤**O**; *tēle* er uttalt med det vi kallar tonem ➤**O** 1, mens *tape* i notid har tonem 2: *ˈtēle, ˈtape*. Her som i *døme*-klassen bruker ein *-te* i preteritum ➤**O** etter visse konsonantar.

### 6. nå-klassen:

*-*                      *-r*                      *-dde*                      *-tt*

Verba som går etter denne klassen, har inga ending i infinitiv >O, og altså *-r* i notid:

<i>tru</i>	<i>trur</i>	<i>trudde</i>	<i>trutt</i>
<i>så</i>	<i>sår</i>	<i>sådde</i>	<i>sått</i>

## Sterke verb

Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake >O ved først og fremst å vere særprega av vokalskifte i stammen >O mellom bøyingsformene, som vi ser f.eks. i *fare* – *fere* – *for* – *ferre*. Her er skiftet altså *a* – *ɛ* – *o* – *e*. Dessutan er det inga ending i preteritum >O (*for*), perfektum partisipp >O har endinga *-e* (*ferre*), og i notid bruker ein tonem >O 1 slik som i det svake verbet *tøle*, jf. ovafor. Dei sterke verba blir også delte inn i klassar, og då etter vokalskifta. Den vanlege inndelinga stiller vi opp nedafor, men det er ein del mindre avvik innafor kvar klasse.

1. klasse (*i* – *i* – *ei* – *e*):

<i>bite</i>	<i>bite</i>	<i>beit</i>	<i>bete</i>
<i>slite</i>	<i>slite</i>	<i>sleit</i>	<i>slete</i>

2. klasse (*y* – *y* – *au* – *ö*):

<i>bryte</i>	<i>bryte</i>	<i>braut</i>	<i>bröte</i>
<i>flyte</i>	<i>flyte</i>	<i>flaut</i>	<i>flöte</i>

3. klasse (*i/e/ɛ* – *i/e/ɛ* – *a* – *u/o/ö*):

<i>finne</i>	<i>finne</i>	<i>fann</i>	<i>funne</i>
<i>drikke</i>	<i>drikke</i>	<i>drakk</i>	<i>drukk</i>
<i>vende</i>	<i>vende</i>	<i>vatt</i>	<i>vonde</i>
<i>brønne</i>	<i>brønne</i>	<i>brann</i>	<i>brunne</i>
<i>dette</i>	<i>dette</i>	<i>datt</i>	<i>dötte</i>

4. klasse (*ɛ* – *ɛ* – *a* – *ö*):

<i>drøpe</i>	<i>drøpe</i>	<i>drap</i>	<i>dröpe</i>
<i>bøpe</i>	<i>bøpe</i>	<i>bar</i>	<i>böre</i>

5. klasse (*a* – *ɛ* – *o* – *e*):

<i>grave</i>	<i>grøve</i>	<i>grov</i>	<i>greve</i>
<i>fare</i>	<i>fere</i>	<i>for</i>	<i>ferre</i>

Litt meir spesiell bøyning har desse sterke verba ➤O:

<i>be</i>	<i>be</i>	<i>ba</i>	<i>bett</i>
<i>je</i>	<i>je</i>	<i>ga</i>	<i>jett</i>
<i>stå</i>	<i>står</i>	<i>sto</i>	<i>steje</i>
<i>slå</i>	<i>slør</i>	<i>slo</i>	<i>sleje</i>
<i>få</i>	<i>får</i>	<i>fekk</i>	<i>fått</i>

### c. Adjektiv

Adjektiva har vi hovudsakleg to typar av: 1) dei som endar på *-en* eller *-al* i oppslagsforma ➤O (for eksempel *galen* og *gammal*), og 2) dei som ikkje gjer det (for eksempel *kald*).

Adjektiva får bøyning i samsvar med substantivet dei står til, og dermed får dei slike bøyningar:

- |    |                         |                         |                      |
|----|-------------------------|-------------------------|----------------------|
| 1) | <i>en̄n galen̄n gut</i> | <i>ei gala k̄ereng</i>  | <i>ett gale svar</i> |
|    | <i>galne guta</i>       | <i>galne k̄erenga</i>   | <i>galne svar</i>    |
| 2) | <i>en̄n kalde gut</i>   | <i>ei kalde k̄ereng</i> | <i>ett kalt hus</i>  |
|    | <i>kalde guta</i>       | <i>kalde k̄erenga</i>   | <i>kalde hus</i>     |

Forma *kalde* framom ord i eintal har tonem ➤O 1, *kalde*, og *kalde* framom fleirtalsord har tonem 2, *kalde*, dvs. at tonegangen ➤O viser om adjektivet står i eintal eller fleirtal.

Dermed er bøyingsmønstra slik:

- |    |              |            |            |
|----|--------------|------------|------------|
| 1) | <i>-en̄n</i> | <i>-a</i>  | <i>-e</i>  |
|    | <i>-ne</i>   | <i>-ne</i> | <i>-ne</i> |
| 2) | <i>-e</i>    | <i>-e</i>  | <i>-t</i>  |
|    | <i>-e</i>    | <i>-e</i>  | <i>-e</i>  |

Dersom substantivet står i bestemt form, har adjektivet alltid endinga *-ne* eller *-e*: *d̄en̄n galne gut̄en̄*, *d̄en̄n kalde gut̄en̄*.

### d. Pronomen

Dei personlege pronomena er desse:

Eintal			Fleirtal		
1. pers.	2. pers.	3. pers.	1. pers.	2. pers.	3. pers.

			hankjøn	hokjøn	inkjekjøn			
subjektsform	<i>eg</i>	<i>du</i>	<i>han</i>	<i>honn</i>	<i>de</i>	<i>vi</i>	<i>de</i>	<i>dei</i>
avhengig form	<i>meg</i>	<i>deg</i>	<i>hånå</i>	<i>hinne</i>	<i>de</i>	<i>oss</i>	<i>døkke</i>	<i>dei</i>

Dei peikande pronomena i Eid har denne bøyinga:

Eintal			Fleirtal
Hankjøn	Hokjøn	Inkjekjøn	
<i>den</i>	<i>dinne</i>	<i>de</i>	<i>dei</i>
<i>dinne</i>	<i>dinne</i>	<i>ditte</i>	<i>disse</i>
<i>dinna</i>	<i>dinna</i>	<i>ditta</i>	<i>dissa</i>
<i>hin</i>	<i>hi</i>	<i>hett</i>	<i>hine</i>

Pronomenrekkeja *dinne* viser til noko nært, mens rekkeja *dinna* viser til det fjerne. Det vil seie at sluttvokalane *e* og *a* markerer dette skiljet.

### 4.3. Setningslære

#### a. Dativ

Dativ ➤O blei i det eldre målet brukt fast i indirekte objekt, etter visse preposisjonar, adjektiv, adverb og i det direkte objektet etter visse verb.

- Etter preposisjonar er det slik at det er alltid dativ etter *imyllå*, *me*, *åt*, *ette*, *attom*:  
*Han* kom med dei stolane. ('Han kom med dei stolane.') Etter *på* og *i* er kasusbruken ➤O avhengig av om ein vil uttrykkje ei rørsle til staden eller at noko er på staden: *setje seg på stabben* ('setje seg på stabben') uttrykkjer ei rørsle ned mot stabben, mens *sitje på stabba* ('sitje på stabben') uttrykkjer eit konstant forhold til stabben.

## 5. Ord og uttrykk

### 5.1. Ordsamling

*´ampelere* (verb) – plage. *Han̄n̄ ´ampelerte ´nå felt.* (‘Han plaga han felt.’)  
*bakkerør* (substantiv, inkjekjønn) – lang, smal bakke  
*barlast* (substantiv, hokjønn) – ballast, noko tungt i botn på båten  
*be`gje* (verb) – slutte  
*boltebrukar* (substantiv, hankjønn) – storskrytar  
*dett* (substantiv, hankjønn) – fall, det å bli dårlegare, for eksempel av sjukdom.  
*Da får eg en̄n̄ dett.*  
*forfinne* (verb) – tenkje ut ein ting  
*framfota* (adjektiv) – (meir) for seg (enn andre)  
*høpēn̄* (adjektiv) – som høver godt, treffande, slående  
*jell̄gut* (substantiv, hankjønn) – gjetar, hyrde  
*ķeme* (substantiv, hankjønn) – krøll, bunt, vanleg i samansetjingar for eksempel  
*grasķeme*  
*mjauske* (verb) – smatte når ein et  
*sk̄ote* (verb) – sjæue, herje, fyke, for eksempel om born  
*spess* (substantiv, hokjønn) – ved, busk  
*sveit* (substantiv, hokjønn) – rad  
*teđde* (verb) – gjødsle  
*ten* (substantiv, hokjønn) – teneste  
*tikse* (substantiv, hokjønn) – lita jente  
*trebola* (substantiv, hokjønn) – gøyemeleik  
*tuestrete* (substantiv, hankjønn) – så umogeleg kar som råd

## 5.2. Uttrykk

*bette på ķafta* – rapp i munnen  
*Dē går `onda ´veđđa.* – Det går unna / går i ein fei.  
*för´andre seg* (verb) – gifte seg  
*Eg jore dē mēn̄n̄ane, tileg `mēn̄n̄ane (seint `kveldane).* – Eg gjorde det om morgonane, tidleg om morgonane (seint om kveldane). Bruker ikkje preposisjonen *om* her, berre bestemt form.  
*få ta* (dvs. av) *´spessēne* – få juling  
*gå i kōse* – opp i rot, virvar, rusk, hulter til bulter  
*´reimast* (verb), *´reimast mē* – drive fant med, ikkje slåst, men ha moro med  
*rommfrēke* (adjektiv) – som treng stort rom  
*vere ´store i `romma* – ha bruk for stor plass, mykje rom

## 6. Forskjellar

## 6.1. Yngre og eldre dialekt

I den eldre dialekten sto trykklette pronomen bak *iþþe*: *Dę trur 'þe eg.* ('Det trur ikkje eg.')

I yngre dialekt er det vanleg å seie: *Dę trur eg iþþe.* ('Det trur eg ikkje.')

## 7. Dialektprøver

Slik kan ein dialekttekst sjå ut skriven med lydskrift ➤**T** [eigen artikkel]:

Tekst 1:

*Dę va ęnņ gāng ęņ maņņ so va så sure å vilje. Haņņ tykte aldri atte þereņđa jore nukk heime i huså. Ęnņ kvęld i slåtten kām m haņņ heim sure å sinte å sjęnte å baņņa so dę lyste. "þere vene dę, ve iþþe so sinte, far," sa þereņđa, "i mårå ska vi byte arbei: Ęg ska gå ut å slå i lag mę slåttekara, so kaņņ du stęlle heime." Ja, dę likte maņņę gātt, dę vilje haņņ jerne. Tidli omm mårāņę tok þereņđa ljāęņ på naþþęņ å jekk ut på bōņę mę kara å skulje slå. Maņņęņ skulje då te å stęlle i huså.*

Dialektprøven er etter Per Arvid Ølmheim (1983): "...sa sogningen til fjordingen" *Målføre i Sogn og Fjordane*, s. 142, Sogn mållag / Firda mållag.

Tekst 2:

Denne teksten finst òg som lytteprøve. ➤**L**

- *Dę e dę samme somm mę alle disse antikvitetaņe fālk har. Viss alt blei tatt vare på, så va þe nåke spennande å intressant. Å vist alle hadde dę...*

- Ja, det er sant.

- *så blir þe dę nåke sjęldent å, så ęnn måtte þikke på på museum. Å, å då ville dę vęll knapt nåkk kāmme nye ting till. Sāmm mor mi sa ein gāng då. Å honn angra selfølgli honn åg, męnn ętte krigeņ, å ętte bestefāreldri mine på morssida va borte da, så heiv honn dęsverre ęnn, nārr honn va dęř å rydda, ęnn par, tre rākka. Fārr honn håpte honn aldri meir måtte sitte å bruke dei. Dę, dę va dęnn, dę honn fārbant mę dęi nemleg. Honn fortalte blant anna att alle kvęlda så måtte dei bruke rākkęņ. Dei måtte kare å spinne ull. Så honn såg fram m till sōndagaņe fārr dę va þe arbeidsdag. Då fękk dei låv å brodere. Dę var iþþe arbeid. Męnn spōting å karing av ull å spinning å alt sānt, dę va arbeid, å dę måtte dei sete mę kvar einaste kvęld.*

Tekst 3:

Denne teksten finst òg som lytteprøve. ➤**L**

- Kva var det som gjorde at du liksom kom så fort inn i miljøet då?
- *Dē va fadderveka tē Universitete. Å dē, fyste veka, ęlle før studie bįynde då, så, før studie bįynde så e dē ei veke dēr dē e nęsten bęrrer sosiale aransjemang. Fyll å fęst i ei veke. Rętt å slętt. Męnn, ęlle dē vill sei, dē va vęll egentli i lag mę studie. Så dē va ganske hart å kāmme sęg på di fyste førelesingane. Dē va dē. Så dē va fyste veka av studieåre. Så då hadde vi to faddera så tok sęg av klassa vår. Vi va vęll ęn femmåķue stykke ęlle nāke så farta runt i byn å fant ut kor Hulęn va hęnn, å Kvartere å blei stort sętt ķęnde i byn. Mętte vę Dęnn blå steinęn, å jikk dęrifrå. Rętt å slętt. Å ęttesām dē ikķe va nāken bęrgensera dēr, bęrrer fālk, einstęinga fra heile Nārge, så kāmme å samla, så va alle innstilt på å bli ķęnt mę fālk. Å dē jor jo dē vesentli ęnklare å bli ķęnt mę fālk da.*

### 8. Kjelder med opplysningar om dialekten i Eid

Denne oversikta byggjer på materiale i Målføresamlinga, Nordisk institutt, Sydnesplassen 7, 5007 Bergen. Dessutan er det henta opplysningar frå skriftene nemnde nedafor. I desse kjeldene finn ein også fleire opplysningar enn det som er drege fram her. Ei liste over allmenn dialektlitteratur finn du her ➤ **T**[eigen art.] og om fjordamålet her ➤ **T** [eigen art.].

Knapstad, Jorun Gjengedal 1983: *Kultur- og næringsliv i stadnamn frå Eid*. (Utrykt hovudoppgåve) Tromsø.

Monsson, Odd 1992: *Struktur og variasjon. Ein fonologisk analyse av dialekten i Eid*. (Utrykt hovudoppgåve) Bergen.

Søreide, Lars E. 1930: *Nordfjordmålet*. (Norsk maalføre XII.) Oslo: Studentmaallaget.

Venås, Kjell 1979: "Om posisjonen for neksusadverbialet *ikkje* i syntagme med hovudsetningsstruktur. Ei jamføring mellom nordvestlandsk og annan norsk." I: *Maal og Minne* 1971, s. 124-173, Oslo: Bymålslagets forlag.

Ølmheim, Per Arvid 1983: "*..sa sogningen til fjordingen*" *Målføre i Sogn og Fjordane*. Bergen: Sogn mållag / Firda mållag.